

L I T L E F O R E T J Ø R N A

Fiskeanalysen vart foreteken den 11. august 1971.

Vatnet ligg i Gjesdal kommune, og med Store Foretjørna i sør-vest og Madlandsvatnet i nord.

Arealet er omlag 6 ha. og h.o.h. snaut 300 m.

Vatnet er så grunt at ein stort sett ser botn over det heile - største djup er 8.0 m.

Stranda består av stein som går over til gjørmebotn.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, flotgras, flaskestarr m.v. er vegetasjonen ein vil finna i vatnet.

Nedslagsfeltet er elles stort sett det same som for Store Foretjørna, men her er kanskje noko meir tilsig frå myr.

Hovudtilsiget fell inn i sør-vest og kjem frå Store Foretjørna.

Eit noko større bekketilsig fell og inn på sør-aust sida, og dette kjem frå nokre myrdrag på vestsida av "Karten".

Avlaupet renn ut i nord "Brekåna" og ut i Madlandsvatnet.

Dei kjemiske tilheva.

Fargen på vatnet er gullig-grønn og som nemnt kan ein sjå botn over alt.

Surheita pH er målt til 5.7 som er ganske bra for aure. Dette er litt surare enn det som vart målt i Store Foretjørna og kan skuldast noko meir myrtilsig.

Innhaldet av kalk (CaCO_3) er 0.8 mg/l og den totale hardheita 2.3 mg/l. Vatnet er såleis kalkfattig.

Leiingsemna $K_{18} = 24.7 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Gjennomstrøyminga kan til sine tider vera ganske stor.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 4.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 3 vårflugelarver og 1 fåbørstemark - i alt 40 individ pr. m^2 .

4.0 meteren gav som resultat 3 fjærmyggelarver, 1 linsekrepss og 1 bille - tilsaman 50 individ pr. m^2 .

Samla resultat syner at der er sær s lite med botndyr i vatnet.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok ein mageprøver av 4 fiskar og her vart det funne fjærmyggpupper, døgflugelarver, linsekreps, mudderflugelarver, vann-nymfelarver og steinflugelarver.

Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk, med planktonhov,

Fisk m.v.

Auren rår grunnen åleine.

Då vatnet er såpass lite, vart der berre sett ut 4 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 32 aurar.

Fordeler ein fangsten på omfara, og vidare på cm-klassar, vil dette sjå ut som synt nedanfor.



Det vart teke prøver av i alt 20 fiskar og av desse var der 10 hofiskar og 10 hanfiskar - ei uvanleg jamn kjønnsfordeling.


Alle fiskane var kvite i kjøttet og 1 fisk svakt angripen av parasittar.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten for prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter				
	1år.	2år	3år	4år	5år
Medellengde i cm	5.0	10.4	14.1	16.5	17.6
Årleg lengdetilvekst i cm	5.0	5.4	3.7	2.4	1.1
Antall fiskar	20	20	20	18	6

Medel kondisjonsfaktor = 1,00 tilseier fisk av bra kvalitet.

Set vi opp ein vekstkurve for fisken i Litle Foretjerna og samanliknar med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år) vil denne sjå ut som synt nedanfor.



Som vi her vil sjå, vert normalkurven kryssa ved 2-3 års alder og etter denne tid er lengdetilveksten mykje dårleg.

Fisken går mot ei maksimal lengd på ca. 20 cm, men det vil berre vera få fiskar som kjem opp i denne storleiken.

Samanliknar vi vekstkurven her med Store Foretjørna så syner Litle Foretjørna at overbefolkninga er ennå verre her.

Konklusjon.

På bakgrunn av dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at vatnet eignar seg godt for fiskeproduksjon og vidare at det er mykje overbefolka i dag.

Botnprøvene våre var særst magre, men når vi tenkjer på det store fiskebestandet som beitar der, så er ikkje dette så rart.

Omfar - og cm-klassefordelinga syner at småfisken fullt ut dominerar.

Vekstkurven er ikkje bra sjølv om kondisjonsfaktoren er tilfredstillande.

Gytetilhøva er gode både i tilsig og avlaup og dette fører då årleg nye årgangar med yngel og småfisk inn i vatnet, utan at tilveksten til denne tid har vorte hausta.

Sjå elles konklusjonen for Store Foretjørna.

Praktiske tiltak.

Dei tiltaka som er peika på i Store Foretjørna kan med fordel også overførast til Litle Foretjørna.

Ruse kan monterast i bekken frå Store Foretjørna då dette er den beste gytebekken.

Om ein kjem i gang med sal av fiskekort, må dette sjølvstg gjelde for både Store og Litle Foretjørna.

Dei tiltaka som er peika på i begge vatna, må setjast ut i livet snarast mogeleg, så vil det ikkje gå så lang tid før auren "sprett" feit og fin som aldri før.

Stavanger 13/2 1972

Einar Berg